



Arkitektkontoret Børтveit & Carlsen AS

Hagellia 6

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2115 - 18/23035

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

19.07.2018

Førebels svar på søknad om tilbygg - gbnr 195/138 og 137 Leiknes

Tiltak: ombygging og tilbygg

Byggjestad: Gbnr: 195/138 og
137

Tiltakshavar: Andreas Aasgard

Ansvarleg søker: Arkitektkontoret Børтveit & Carlsen AS

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.07.2018 og saka har saksnummer 18/2115.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trøng for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev. På grunn av ferieavvikling og stor saksmengde vil mottakskontroll av søknaden ta noko lengre tid enn vanlig.

Tilbakemelding på vurdering i forhold til plankrav og unntak i kommuneplanen punkt 2.14:

I innsendte søknad er det vist til at tiltaket er vurdert i samsvar med føresegn 2.14 i kommuneplanen sin arealdel. I punkt 2.14 i kommuneplanen står det:

«Det kan utan reguleringsplan gjevest løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a på eksisterande bustadeigedomar når samla utbygging er innafor dei grensene som er fastsett nedanfor.»

Omsøkte tilbygg er på over 50 m², og kjem ikkje inn under unntaket i punkt 2.14. Vi ber om at søknaden vert supplert med søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen punkt 1.1.

Søknadar som krev dispensasjon har 12 vekers sakhandsamingstid, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 4.ledd.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakhandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).



Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesaksforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|-------------------|-----------------------|------|---------|
| Andreas Aasgard | Hodnesdalsvegen 46 | 5915 | HJELMÅS |
| Olaug Lee Aasgard | Hodnesdalsvegen 46 | 5915 | HJELMÅS |

Mottakarar:

| | | | |
|---------------------------------------|------------|------|----------|
| Arkitektkontoret Børteit & Carlsen AS | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |
|---------------------------------------|------------|------|----------|